

Hei.

Jon Øen og undertegnede har diskutert orienteringa og det som kom fram i sist møte noko meir. Det som skapte ei viss usikkerheit i valg av løysning, er forskjellen i kostnad (timepris) ved dei to ulike løysingane. Me er av den oppfatning at denne forskjellen neppe er så stor som det kunne synast. I modellen Hol fjelloppsyn med kommunal administrasjon, vil det vera usikkert og veldig personavhengig kva ein får ut av den administrative rolla i form av tilsyn. Lønnsnivået på denne stillinga var og satt 30-40% lågare enn det Hardangervidda Fjelloppsyn hadde satt den.

Det viktige for oss er kva me får av tilsyn og kvaliteten på dette. Det er grunn til å tru at det vil vera betre under Hardangervidda Fjelloppsyn si organisering. Det kom og tydeleg fram at kommunen ville foretrekke å løyve midlar i staden for å ha eigne folk til å administrere oppsyn.

Vårt forslag er at referansegruppa peikar på at kjøp av tjenester frå Hardangervidda fjelloppsyn er vårt valg, og me ser vel og at det er Hol Fjellstyre som er vår oppdragsgiver i forhold til oppsynet (slik det er ellers i denne organiseringa). Fjellstyret har då ansvaret for å samkøyre behova frå dei ulike interessene i kommunen gjennom årlege møte med evaluering og organisering.

Det er viktig med tanke på oppsyn kommande sommar, å få ei rask avklaring.

Dersom referansegruppa er enig, vil me be om eit nytt arbeidsmøte før jul, der målet bør vera å få saken opp i januar.

Me ønsker tilbakemelding snarast, slik at me evt kan avtale møte over helga.

Mvh.

Aslak Geir Skurdal

Mobil: 980 89 048

(Mottatt på epost 26.nov. 2025)